

Send oss bilete frå uveret Tor.

30.01.2016



Stormen Tor herja på idrettsplassen på Heio.

**Mange opplevde nok uveret som var meldt, som rolegare enn venta her hos oss, men likevel har stormen teke hardt mange stader. Biletet vårt viser at den har herja på idrettsplassen på Heio, og vi ser mellom anna at salsbua har fått seg ein skikkeleg luftetur. Vi har ikkje fått meldt inn andre øydeleggingar, men bed om at lesarane sender oss bilete frå uveret til [thordossland@gmail.com](mailto:thordossland@gmail.com).**

Uveret verka sterkt inn på båt- og ferjesambandet til og frå kommunen vår. Mange ruter vart kanselert. Det medførte også at Hardangerfjordekspressen la om ruta slik at den gjekk mellom Børnes kai og Gjermundshamn medan resten av reisestrekningen til Bergen gjekk på landevegen. No kl.09.30 gjekk føremiddagsruta frå Børnes kai. Kva som skjer vidare i dag, vert gjort kjendt på facebook-sida til Hardangerfjordekspressen.

Underteikna fekk også ein ekstra rundtur på veg heim frå Gjermundshamn fredag middag. Stallovare klarte ikkje koma til kai ved Årsnes, og den måtte derfor gjera vendereis til Gjermundshamn. Dermed vart ekstra biltur og ferja Tørvikbygd - Jondal løysinga. Det var mange uskedelingar og andre kjende kvinnersansikt å treffa på den ferja..

Straumbrot har det også vore i periodar, men vi har ikkje fått melding om at den har vore borte i lengre tid her i bygda.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto: Anne Kjersti Lunde